

L: Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet. Fred være med deg.



*Hovudet blir tørka og barnet presentert for kyrkjelyden  
(Presten held barnet)*

L: Dette er ..... Guds barn, som no er døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.

### LIVET I DÅPEN

L: Eit lys er tent for .....Jesus seier: " eg er lyset i verda, den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørket, men ha livsens lys.

ML/L: Trufaste Gud. Vi takkar deg for dåpen der du tek oss inn i di kyrkje. Vi bed deg for NN/ borna som er døypt / døypte i dag. Hald di vernande hand over ho/han/dei og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvaret får henne/han/dei. Gud, høyr vår bøn.

L: Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

*Velkomen til kyrkje! De møter opp på dåpssakristiet / galleriromet, ca. 10.30. Klokkaren kjem opp og helsar på dykk der og svarar på evtuelle spørsmål. Der heng og rekkefølga som de går inn etter. Fadrar sit inne i kyrkja, foreldre og sysken bær borna inn i prosesjon og set seg på dei reserverte benkane.*



## DÅPSLITURGI FOR ULSTEIN KYRKJE

### MOTTAKINGA TIL DÅP

L: I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande

L: Med takk og glede kjem vi i dag med dette barnet/desse borna til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt men ha evig liv.

*Då kan dei som skal lese dåpstekster  
kome fram til lesepulten.*

L: Lat oss høyre kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

Medliturg: Dei bar små born til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: "Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn skal ikkje koma inn i det" Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. (Mark 10, 13-16)



## TAKKEBØN

L: Lat oss takke og be:

Medliturg: Ewig Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilete. Vi takkar deg for borna/barnet som skal bli døypt/døypast i dag. Ho/Han/Dei er dyrebare i dine auge. Ver hos henne/han/dei med din kjærleik og gje henne/han/dei ei heim i di kyrkje. Amen.

## ORDET OM DÅPEN OG TRUA

L: Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:

Medliturg: Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar. Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande og lær dei å halde alt det som eg har bode dykk. Og sjå eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.

Matteus 28, 18-20

## DÅPSSALME

### FADDERANSVARET

L: Vil foreldre og fadrar reise seg:

De skal vere vitne til at dette barnet / desse borna er døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for dei /.. be for dei /.. læra dei sjølv å be, og hjelpe dei /.. til å bruke Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

*Fadrar og foreldre vert ståande*

### FORSAKINGA OG TRUA

L: Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.

*Alle reiser seg*

Alle: Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, før ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, før opp til himmelen,

sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, Skal koma att derifrå og døme levande og døde.

Eg trur på Den heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen

*Alle sett seg igjen*

## DÅPEN

Bøn ved døypefonten

L: Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådens kjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så ho / han / dei som blir døypt / døypte, blir reist / reiste opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

*Dåpsfølget kjem til døypefonten*

L: Kva heiter barnet?

*Den som ber barnet, seier fornarnet på barnet*

L: Vil de at.....skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

*Den som ber barnet svarar ja*

L: Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnemål om at du skal om at du skal høyre den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til.

L: ....., etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

*Dåpslyset blir tent av medhjelpar frå Kristuslyset.*



FOTO: Inge Haakonsholm